

Animasjon

Image not found or type unknown

Animasjonsutdanninga i Volda er ei kunstfagleg utdanning. Utdanninga er praktisk orientert og vektlegg animasjon som fag, handverk og kunstform. Som student får du innføring i grunnleggande prinsipp for animasjon og tradisjonelle animasjonsteknikkar, og moglegheit for eksperimentering og fordjuping i valfrie teknikkar. I tillegg får du forske på animasjon som fagfelt og får kjennskap til animasjonsfilm historie. Utdanninga gir deg stor kunstnarisk fridom, og er opptekne av å gi rom for eksperimentering. Studiet er særskilt orientert mot animasjonsfilm, men legg til rette for å anvende og utforske animasjon utanfor tradisjonelle grenser. Animasjon er eit viktig element i mange ulike samanhengar, det vere seg innanfor populærkulturen og mediebransjen eller innanfor kunstfeltet og forsking. Sjå spelelista vår på Youtube Følg oss på Instagram

Studieinnhald

Animasjonsstudiet er eit integrert treårig praktisk-teoretisk studium, og kvalifiserer deg til profesjonelt arbeid med animasjon som sjølvstendig uttrykk og animasjon i kombinasjon med nyhende, informasjon, reklame og underhaldning. Studentproduksjonar utgjer ein stor del av det praktiske arbeidet, og det er i hovudsak her den praktiske læringa finn stad. I samband med dei praktiske oppgåvene får du individuell rettleiing og oppfølging på alle ledd i produksjonen. Studiet gir òg innføring i analytisk, teoretisk og historisk forståing av animasjon, med særskilt vektlegging av estetiske og etiske spørsmål: Kva for kunstnariske moglegheiter har ein som animatør, og kva for ansvar har ein som animatør i verda? Studiet kvalifiserer for profesjonelt arbeid med til dømes animert

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisning og arbeidsformer ved animasjonsutdanninga er ein kombinasjon av forelesingar, gruppearbeid og praktiske øvingar. Som student får du mykje praktisk erfaring, både i klasserommet og gjennom å vere med å arrangere filmfestivalen Animation Volda. I fjerde semester kan du velje to praktiske produksjonsemne, ha ekstern praksis eller utanlandsopphald. Det er også mogleg å ha praksis i eit animasjonsstudio. Les meir om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

Aktuelle yrke og vidare studium

Med ein Bachelor i animasjon kan du jobbe med eit vidt spekter av teknikkar i ulike sjangrar. Studiet kvalifiserer for profesjonelt

Studiepoeng / lengd: 180/ 6 semester (3 år)

Opptakskrav: Opptakskrava til Bachelor animasjon er generell studiekompetanse, godkjente arbeidsprøver og opptaksprøve. Søkjarane får orientering i eige brev. Arbeidsprøvene blir vurderte av ein fagkomité som kallar inn aktuelle søkjarar til opptaksintervju og praktiske oppgåver i Volda. Godkjende søkjarar konkurrerer på grunnlag av konkurransepoeng.

Søknadsfrist: 15. april i

Stengt for søking

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak
Studentservice +47 70 07 50 18
studentsorvis@hivolda.no